



Arkivnr: 2015/2154-13

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	38/17	15.03.2017
Utval for miljø og samferdsel		20.04.2017
Fylkesutvalet		03.05.2017

## Søknad frå Turbuss Vest AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - Nyborg

### Samandrag

Turbuss Vest AS har søkt om ruteløyve for gratisbuss på strekninga Bergen sentrum – Nyborg ved Ikea utan å utføre lokaltransport på strekninga. Fylkesrådmannen finn at det kan vere ein føremon i høve konkurransen mot personbilen å imøtekome søknaden såframt det ikkje går ut over framkomsten for kollektivtrafikken i Bergen sentrum og luftkvaliteten der. Fylkesrådmannen si vurdering er at det må setjast strenge krav til vognmateriell som vert nytta i samband med eit eventuelt ruteløyve, og at materiellet må vere universelt utforma.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tildeler Turbuss Vest AS ruteløyve for strekninga Bergen Busstasjon – Nyborg ved Ikea, på dei vilkåra som er spesifiserte i punkt 1-2:

1. Det skal ikkje utførast lokaltransport med ruta.
2. Vognmateriell som vert nytta i drifta skal ha Euro VI-motor.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 01.03.2017****Bakgrunn**

Turbuss Vest AS (TV) har i brev av 23.12.16 søkt om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum – Nyborg ved Ikea. Fylkesutvalet skal etter fritt skjøn vurdere om søknaden skal godkjennast.

**Saksopplysningar**

Søknaden gjeld persontransport i rute som skal vere open for alle, utan betaling. Det har i mange år vore drive slik rute til og frå Ikea. TV har avtale med Ikea AS om drift av ruta. Ikea vil dekkje kostnadene til rutedrifta.

Persontransport i rute utan vederlag krev ikkje ruteløyve. Når det er søkt om ruteløyve for denne ruta, må det sjåast i samheng med at samferdselsdepartementet har føreteke ei innskjerping av vederlagsomgrepet.

Omsøkt rutestrekning i retning nord er Fjøsangerveien ved Bergen Busstasjon (BB)– Lars Hilles gate/Olav Kyrres gate – Torget – Bryggen – Sandviken – Eidsvågtunellen – Åsaneveien – Ikea. Det er for nordgåande turar sin del berre søkt om å ha påstiging ved BB og på Torget, og berre avstiging ved Ikea. For sørgåande turar sin del er det berre søkt om å ha påstiging ved Ikea, og berre avstiging i Olav Kyrres gate og ved BB. Haldeplassen på Nyborg skal vere inne på Ikea sitt område.

Det er eit høgfrekvent rutetilbod i regi av Skyss med haldeplass omlag 300 meter frå inngongen til Ikea.

**Vurdering**

I Bergensområdet er det eit mål at kollektivtransportandelen av transportarbeidet skal aukast. Å gjere det enklare for dei som besøker Ikea å reise kollektivt kan bidra til å nå dette målet.

Kollektivtransporten i Bergen sentrum har betydelege framkomstproblem, og kapasiteten på haldeplassane i Christies gate, Olav Kyrres gate, Torget og Bryggen er sprengt. Haldeplassane på Torget og i Olav Kyrres gate skal primært nyttast til dei offentlege rutene i regi av Skyss. Det må difor vera Skyss si oppgåve å fordele haldeplassane som skal nyttast i Bergen sentrum.

Luftkvaliteten i Bergen sentrum tidvis svært dårleg. Ny trafikk må difor ha lågast mogleg luftutslepp. Det vil seie mest mogleg miljøvenlege motorar.

Det er lovregulert at bussar i løyvepliktig transport registrert frå og med 01.01.10 skal vere universelt utforma.

**Konklusjon**

Fylkesrådmannen er på det reine med at gratisbussen til Ikea tek passasjerar frå dei offentlege rutene. Slike gratisbussopplegg er etablert fleire stader i landet, både i regi av Ikea og andre verksemder, og fylkesrådmannen finn at dette kan bidra til at ein del kundar vel buss framfor privatbil. Tiltaket kan då ha ein positiv innverknad på miljøet.

På grunnlag av vurderinga over, rår fylkesrådmannen til at ruteløyvesøknaden frå TV vert godkjend, på dei vilkåra som går fram av forslaget til innstilling.